

GARDEN MYRA PÅ HILDRE

Det er ei interessant lenke frå Ullahammaren til Myre-garden på Hildre. Sjå nedanfor beskrivelsen om Myr-Ol-Elias frå Hildre og det industrieventyret som voks fram på 1900-talet. Det rike torskefisket seinvinters skapte ein stor aktivitet på Ullahammaren. Smeden hadde ei viktig rolle med å lage og vøle fiskereiskap. Mest kjent var smeden Halvor Skogvik frå Sekken i Romsdal. Han bygde seg hus i Ullahammaren, Tomren-huset. Etter at Skogvik slutta som smed på Ulla og flytta heim til Sekken, dreiv Myr-Ol-Elias smed-arbeid på Ulla i sesongen. Dette var på slutten av 1890-talet. Det blir fortalt at han laga seg ei provisorisk smie under ei stor steinhelle ved Brenneriet på Ullahammaren. Der strekte han eit stort segl over til ly mot vind og ver.

Forbindelsen mellom Gamlestova og Myra starta med at Johan Kristofferson Longvanes fekk teneste på Myra. Seinare kom Johan tilbake til Gamlestova der han vart postmann i Kristoffer-sova.

Men først vil eg ta med ein del fotografi som viser Myr-Ol-Elias si smie som låg rett attmed Brenneriet på Ullahammaren.

Oppe til venstre ser vi Hellevik-stova. Nedanfor ligg den store steinhella som gav ly for smia til Myr-Ol-Elias. Oppe på denne steinhella låg den gamle smia slik det er vist i fotografiet ovanfor. Dette er eit utsnitt frå modellen som Per Ulla laga i 1975 basert på utskiftingskart og andre dokument frå tida omkring 1880.

Attmed den gamle smia låg løa til Knut Svendsen. Den hørde såleis til Gamle Svendsen sin eigedom.





Eit geni og ein gründar på Hildre for over 100 år sidan

Ole Elias Myren, eller Myr-Ol-Elias som han til dagleg nemndest, var ein særmerkt og framtøk mann. Dei praktiske givnadene hans og den geniale tekniske innsikta han åtte, går det gjetord om endå idag. Han har sett tydelege får etter seg. M.a. var det han som førde opp fabrikkbygninga der kimen til Møre-Not vart lagt.

Ole Elias var fødd i 1844. Han nådde ein høg alder og levde til 1934. Han vart gift med Marta Andreasdotter frå Steffå-garden. Ho var fødd i 1849 og vart 93 år gamal.

I 1872 vart Myra delt mellom Ole-Elias og halvbroren Jonas. Ein kan freistast til å tru at det var usemje som var årsak, for Ole-Elias fekk særso harde vilkår: Innan 3 månader skulde han vere flytt frå heimehusa i Nedste-Myra og betale for det utskilde bruket han overtok.

Ole-Elias tok med seg gamlestova heimanfrå og sette den opp i Øvstemyra. Om ikkje lenge vart denne påbygt. På utrueleg stutt tid var ny låve ogso ferdig. Men likevel var det so visst ikkje noko hastverksarbeid. Ole-Elias bygde for framtida, velgjort



Marta og Ole Elias Myren. Til høgre dotter deira, Hansine, som var gift med Iver frå Raffelgarden. Dei tre borna deira er Ragnvald (1907), Olav (1904), døydde ung og Marta (1910.)



Marta og Ole Elias Myren



Elling-Olina på sætreveg.

og særers so solid. Murane var heile 400 m² og med ei tjukne på 80–90 cm, bygd av hogd gråstein. Steinen var teken rundt om på garden. Men etter kvart som det vart for lite, måtte han ty til utmarka. Myre-Olav, dotterson til Ole-Elias, fortel at det til og med vart henta stein oppe i Véte-sida. M.a. nokre svære steinheller, som er nytta til golv i fjøset, er komne der ifrå. Murane står der like trauste den dag i dag. Kanskje kan det vekkje litt ettertanke for oss notidsmenneske å sjå på det dei som levde for over 100 år sidan, og som la grunnlaget for det relative lettvinde tilværet vårt, utretta med primitive hjelpemidlar.

På eiga hand hadde Ole-Elias funne fram til ei genial løysing då han bygde på løa i 1903. Fjøset var i første høgda, men under laga han gjødselkjellar. Dette var noko heilt nytt. Før vart gjødselen alltid lagra under open himmel med alle ulemper dette førde med seg. Men ikkje nok med det: Nytenkninga hans førde med seg at han ogso bygde køyrebru inn på låven, noko som var ukjent på den

tida. Løa vekte oppsikt i vide krinsar. Det kom folk langvegs frå for å sjå korleis Ole-Elias hadde ordna seg.

Ole-Elias laga seg ogso kvern på garden. Vatn til drivkraft fekk han frå ei demning ned under Rema. Den vart regulert med ein mur av torv og stein. Maling sette han igang so snart det var nok vatn. Etter di han delte vatnet med grannen, vart nok malinga stort sett til eige bruk den første tida. Han gjorde seg ogso hjelpt med korntørke. Den bygde han sjølv og plaserte i kjellaren i stovehuset.

Denne mangfaldige mannen hadde ogso unike givnader som smed og mekaniker. I smia, som han rådde seg til med i kjellaren i stovehuset, hadde han mykje tilhelde. Og der treivst han godt. Utstyr og verkty laga han for ein stor del sjølv. Både dreiebenken og boremaskina står framleis i reidskapshuset i Myra. Den noverande eigaren har teke vare på det og vyrdslar det vel. Ole-Elias smidde sjølv alt det han hadde bruk for på garden og til dei ymse gjere-måla sine. Og det var han bygdefolket tydde til når dei hadde bruk for smiarbeid. Han vart ogso velkjend som låsesmed. Dei originale dørlåsa, eller dørklinkene, som dei vart kalla, som han byrja lage, vart etter kvart etterspurde i vide krinsar. Desse var enkle og sterke, og dei få som finst att av dei, er funksjonelle den dag idag.

I Sjurgarden på Synnaland brukte dei slike dørlås heilt til huset var nedrive i 1996. I Andersgarden på Skaar har dør-klinkene hans Ole-Elias vore i bruk i 100 år, og er det framleis, like tenlege som dei alltid har vore. Vedlikehaldet er berre nokre oljedropar no og då.

I 1890 fekk Ole-Elias hand om Ørbakkfallet i Hildreelva og bygde mylne der. I denne samanhengen gjorde han om gardskvenna til beinmjølkvenn. Råstoffet fekk han frå slakteria i byen. Beina måtte stimast før dei vart knust til mjøl i kvenna. Stimkjelen laga han sjølv. Makelaust som beinmjøl er til potetgjødning, vart etterspurnaden snart stor i vide krinsar. Det kan vel med rette seiast at beinmjølet hans Ole-Elias var den første form for kunstgjødsel på våre kantar.

Ole-Elias var alltid annsam og forkava. Ikkje alltid når han tok mot pengar for beinmjøl eller smiarbeid ga han seg tid til å leggje pengane der dei

skulde ligge. I farta putta han dei inn i sprekker i kjellarmuren, og ikkje alltid hugsa han kvar han hadde gjort av dei. Ungane nytta seg av og til av dette. Sone-sonen Ola (Ola Hildremyr, Brattvåg) fann ein gong 145 kroner i ei sprekk i muren. Avdi han var oppatt-kalla etter Ole-Elias fekk han pengane til odel og eige. Og når Myre-Marta skulde på bua og handle og ikkje hadde pengar for handa, leita ho gjerne i mursprekkene i smia og utvega seg med «reservefondet» der.

Først på 1890-talet vart mylnebygninga på Ørbakk-rema reist. Før den tid var det brukt vasshjul som drivkraft til all kvennadrift i Hildre-elva. Men Ole-Elias såg som alltid fram over og hadde tenkt seg ut noko anna. Han skulde ha turbin og motor og reimdrift på alle maskiner. Turbinen bygde han sjølv, det var best slik meinte han. Den gjorde teneste heilt til mylna vart flytt til Brattvåg i 1917. Men soga er ikkje slutt med det. Då Sunnmøre Fiskevegnfabrik vart skipa og kjøpte mylnebygget på Ørbakk-rema, var turbinen med i kjøpet og vart nytta i mange år, heilt til fabrikkjen gjekk over til

veksel-straum. Då vart turbinen selt til Island der den var i bruk langt inn i notida. – Han gjorde gangs arbeid han Ole-Elias i smia si i Myra for over 100 år sidan.

Ole-Elias var framsynt som vanleg ogso når han skulde skaffe seg maskiner og utstyr til mylnedrifta. Han hadde fretta at det vart laga ei ny og moderne kvenn på ei verksemd i Gjøvik. Den kunne til og med brukast til å produsere havregryn. Han hadde stor lyst til å sjå nærare på denne nyskapninga. Og som den handlingens mann han var, tok han færingen og rodde til Åndalsnes. Det høvde seg slik at det var marknad der nett då og bra hestar til sals. Ole-Elias kjøpte hest, og so reid han opp Romsdalen, ned Gudbrandsdalen og til Gjøvik. Der vart han godt motteken, fekk demonstrert kvenna, og kjøpte den. So reid han same råsa attende til Åndalsnes. Der selde han hesten med ei fortieneste på to kroner og femti øre og var nøgd med handelen. So rodde og delvis sigla han heim til Hildrestranda i god austavinds bør. Kvenna kom etter, med båt rundt kysten.



*Sommarkveld ved Hildrevatnet. Mannen med kroka-pipa, som me ser i silhuett, er Arne Flatseth i velkjend positur.
Foto: Hallvard Hatlehol.*

Og so i 1892 vart Hildre Grynemølle på Ørbakk-remå grunnlagd, og produksjonen kom igang. So vidt ein veit var dette første industrireisinga ved Hildre-elva og ei av dei tidlegaste i Haram.

Det må nemnast at havregrynproduksjonen vart svært so vellukka. Havregryn var lite kjend den tida, men gryna frå Hildre fekk snart ein stor marknad. Produktet vart påskyna med sølvmedalje på Fylkesutstillinga i Molde 1906, og seinare vart det to sølvmedaljer til.

Det vart snart stor annsemd på mylna. Mange var i arbeid med maling og andre gjeremål som fylgde med, og med transport til og frå Myre-kaia. Til dette bruket hadde Ole-Elias fleire hestar. Mellom anna ein stor dølahest som dei kalla «Kviten.» Myre-Marta, kona til Ole-Elias, var særflink til å handsame denne gjenstridige hesten. Marta tok del i det daglege arbeid på mylna. Det var rett som eit under kor lett ho hanskast med dei tunge korn- og mjølsekkane. Ho var ei lita sterk kvinne, som var Ole-Elias si gode støtte i dei omlag 60 åra samlivet deira varde.



Staute karar frå farne år. Frå venstre: Gustav Reiten, Olav Risnes og Martines Alvestad. Sitjande Andreas O. Hildremyr.

I samband med Ole-Elias må Reite-Elling nemnast. Dei hadde mykje hopehav desse to karane.

Elling hadde so godt eit handelag og so god ei innsikt. Spesialiteten hans var muring av hogd naturstein. Når Ole-Elias hadde større prosjekt på gang, var Elling alltid i lag med han. Ein gong var desse to karane ute på Rogne i eitt eller anna oppdrag. Der barst det slik til at hesten til ein gardbrukar braut ein fot. Sjølvsaugt var dette ille på mange vis, men som stoda eingong var, augna Ole-Elias ein utveg. Han kjøpte hesten, og hadde nok sine tankar med det. Å frakte hesten til Hildre i ein færing let seg ikkje gjere. Men dei gjorde seg hjelpt på det viset at dei spjelka foten, fekk hesten på sjøen og tok han på slep. Og heimkomne slakta dei han i naustet. Det som Ole-Elias vel visste då han kjøpte hesten, var at han hadde ei stor purke i fjøset, som skulde slaktast likevel. Og no hadde han rikeleg av både kjøt og fleisk, og dei gjekk igang med pølseproduksjon i stor målestokk. Det fortelst at dei laga 8 golv med hestepølse. (Eit golv er i denne samanheng mellomromet mellom to hesjestaure. Breidda på eit golv var omlag 2 meter og høgda noko mindre. Mellom staurane var det strekt hesjestrengar med 30–40 cm mellomrom. Lengda på ei hes kunde variere frå 10 golv og oppover.) Under torskefisket seinvinters dreiv Ole-Elias med smedarbeid på Ulla, og dit tok han med pølsene. Når ein veit at der var opp til 500 fiskarar under vinterfisket, skynar ein at Ole-Elias ikkje hadde avsetningsvanskar på hestepølsene sine.

Mylna i Hildreelva gjekk sers godt. Etter kvart tok Andreas Hildremyr, son til Ole-Elias, over drifta. Mylna låg ulagleg til. Etter som aktivitetane auka, merkttest ulempene med den lange transporten på dårleg veg til og frå Myre-kaia meir og meir. I 1917 var kraftverket i Vågen godt igang kome. Der var ogso kai med god tilkome for båtar, og tilhøva elles var laglege for mylnedrift. Og då Andreas fekk tilbod på 30 hk døgnkraft til rimeleg pris, skreiv han kontrakt med kraftverket og flytte mylna til Brattvåg. Kontrakta skulde gjelde i 99 år, og den årlege kraftleiga var kr 1500. Ole-Elias likte slett ikkje at mylna vart flytta. «Eg kan tilgi han Andreas mest alt,» sa han, «men når han flytter mylna inn i Vågen og slår seg ilag med nå Skjelt-Ole, då gjeng



Frå Nedste Myra. Paret til venstre er Petter Reiten d.e. og kona Anna. Tilsides med dei Berte g.m. Johan Alvestad frå Gjærdet. Dei budde i Myra medan Johan var lærar på Hildrestranda. Kvinna til høgre er Kristina Reiten. Filip-Ole syner fram sykkelen sin og Myre-Petter d.y. står attom han. Mannen ved kjerre er truleg Kristoffersen frå Ulla.

det for vidt.» Mylnehusa på Ørbakk-remma vart selt, først til eit selskap som etter kort tid måtte gi opp drifta. I 1921 prøvde nye eigarar seg, men av ymse grunnar måtte ogso dei gi opp. Men i 1926 vart Olaus Rogne eineigar av Sunnmøre Fiskevegnfabrik. Mørenot har sitt utspring i Sunnmøre Fiskevegnfabrik og menneska som arbeidde der.

I tillegg til sine mange andre eigenskapar var Ole Elias Myren ein framifrå gardbrukar. Han dyrka opp Øvste-Myra til det ein etter den tida kunde nemne som storgard. I sommarhalvåret hadde han jamt 4 drenger og like mange tenestjenter. Men om vinteren var det mest uråd for tenestfolket å få seg arbeid og inntekt. Ole-Elias visste råd med dette og. Han tilbød dei å få vere på garden vinteren til endes og få hus og mat. Til vederlag skulde dei hjelpe til med ymse arbeid, t.d. å bryte jord, ta veiter og hogge skog. Dette var ei viseleg ordning som begge partar var vel nøgde med.

Reme-Jonas på Hildre mintest at Ole-Elias brukte drengane til å snauhogge skogen i Kvasshammarslia og fram i Kopen. Strangane vart køyrt i fleire vender ned til fjøra, der dei vart lødde opp. Drengane saga

og kløyvde opp veden og la den i la til tørking. Fyrvaktaren på «Revet» var avtakar. Prisen var kr 2,50 for famna, fritt levert på fyrst.

At Ole-Elias utnytta fellesrettane i utmarka, vart ikkje nådig oppteke av dei hine grunneigarane. Misnøya deira førde til den første utskiftinga av skogarealet i Hildredalen i 1906. Paradoksalt nok er det at det ikkje har vore hogd skog fremst i dalen sidan utskiftinga. Ole-Elias gjekk igang med skogplanting på teigen sin i dalen. Han såg vel det som ein kompensasjon for skogen han hadde øydt.

Det var få eller ingen andre enn Ole-Elias som hadde opne augo for at ressursane i felles utmark kunde utnyttast. I den tida var stein til husmurar etterspurt. I Vétesida henta ham heim lange, tunne steinheller som vart nytta over dører. Han braut dei fram sommarstid og køyrde dei heim på vinterføret. Sjølv brukte han steinheller, til golv over fjøset i gamleløa frå 1870.

Som det alltid vil vere når nokon er framtøk og gjer gangs arbeid, vil andre med mindre tiltak og energi kjenne seg misnøgde. Soleis ogso i dette høvet. Einskilde klaga på at det var for gale at



Johan Kristofferson Longvanes Ullahammer (Myre)

Ole-Elias tok so mykje stein i fjellet. Slikt snakk tok Ole-Elias ikkje inn over seg. «Det er berre ovund-sjuke,» sa han. «Eg skal berre fortelje dykk at det er rikeleg og meir enn nok stein til alle ovaom utmarksgarden.»

Det var mykje fisk i elva og i vatna den tida, og godt om vilt i dalen og fjellet. I Haram Bygdebok fortelst det at det var både bjørn, gaupe og ulv i utmarka, og det nemnest ogso at Ole-Elias såg 4 ulvar ovanfor stova si juledag 1884.

Både Ole-Elias og sonen Andreas var ihuga og flinke jakt-menn. Elias Hildremyr minnest godt det faren fortalde om jakt og fiske. Det varierte mellom gode og dårlege år. Ein gong hadde Andreas etter ein jaktdag på Hesten full rypesekk, og attåt 16 ryper surra utanpå sekken. Ein annan gong gjekk han Hesten, Tverfjellet og Véten rundt uten å sjå ei fjør.

Elias minnest ogso at faren fortalde at han ein dag fiska frå mylna og fram til Kvilet. Då hadde han so mykje aure at han ikkje såg seg utveg med å få fangsten heim i ei vende. Heldigvis var Myre-Marta, mor hans, på heimveg frå sætra nett då. Ho fann plass til so mange fiskehenker på børatreet sitt at Andreas fekk med seg resten.

Som nemnt tok Andreas over mylnedrifta etter ei tid. Han budde i husværet på mylna nokre år. Han var gift då, og både han og kona treivst godt på den litt spesielle bustaden. Og so var det lettvtint med kokefisk. Lægjet var slik at Andreas kunde stå i sove-romsvindauget med fiskestonga og fiske aure i elva.

Det kan vere på sin plass å gå nokre år attende i tida, til Nedste-Myra der Ole-Elias var fødd og trød-de barneskorna sine, og om folket hans der.

Myra er ein gamal gard med ei interessant soge. Her og no skal me berre gå attende til 1813, då far til Ole-Elias, Ole Olsen føddest og vart sjølv eigande bonde etter at han vaksen vart. Ole Olsen gifte seg med Helga Nilsdotter Fjørtoft, fødd 1812. Dei fekk to born: Berte Marta (1838), gift Synnaland og Ole-Elias (1844), som er hovedpersonen i forteljinga vår.

Helga døydde i 1855. Ole Olsen gifte seg oppatt med Pauline Johansdotter Rogne. I dette ekteskapet var det ogso to born: Hans (1857) og Jonas (1859). Hans vart sparka ihel av ein hest, berre ung. Når so

langt leid at borna vaksne var, fortelst det at Pauli-ne (Pålina til dagleg) sette seg føre at sonen Jonas skulde få skøyte på heile Myra. Men Ole-Elias slo i bordet og kravde morsarven sin. Soleis vart Myra i 1872 delt mellom Ole-Elias og Jonas. Jonas og forel-dra vart buande i nedste Myra. Jonas gifte seg og reiste til Amerika omlag år 1900. Ole Olsen tok frå eit jordstykke til seg og kona. Dette kallast framleis «Pålina-stykket». Per Arne Alvestad eig det no, og har bygt seg heim der.

Etter som det ingen var til å ta over Nedste-Myra vart garden ca 1890 selt til Kristoffersen på Ulla, som seinare selde til Petter Reiten d.e. Han fekk hei-mel på garden i 1916, og etterkomarane hans er det som no eig Nedste Myra.

Ole-Elias Myren og kona Marta hadde 5 born: Ola (døydde ung), Anna (1875), Hansine (1878), Andreas (1879) og Martinus (1882). Anna vart gift med Sevrin Alvestad i Filipgarden. Born: Ole, Astrid, Martha, Fritjof, Sivert, Sigurd, Helene, Olga, Aslaug og Arne. Hansine, gift med Iver Alvestad frå Raffelgarden. Born: Olav (1905), døydde ung. Ragn-vald (1907), Martha (1910) og Olav (1916). Andre-as, gift med Olivia Skjelten. Andreas tok etternam-net Hildremyr rundt hundreårsskiftet. Det same gjorde broren Martinus. Born: Karl, Ola, Jenny, Margit og Elias. Martinus (busette seg i Amerika), gift med Lina Hildre frå Ivergarden. Born: Obert, Peter, Clarice, Georg og Mildrid.

Martinus kom heim frå Amerika i 1912. Han vilde då ta over heile Øvste-Myra, men Ole-Elias hadde lova dotra Hansine og mannen Iver Alvestad halve garden. Då Martinus ikkje fekk viljen sin, drog han attende til Amerika. Ole-Elias ynskte at Andreas skulde overta den andre halva av garden, men Andreas hadde då etablert seg på mylna i Hildreda-len og takka nei til tilbodet. So i 1927 vart Myra gnr. 25, br.nr. 1 overteke av Marta og mannen hen-nar, Arnt Helland frå Erikgarden på Helland. Marta er som kjent dotter-dotter til Ole-Elias og kona. Og so laga det seg slik at ei ny Myre-Marta vart husmor på garden.

Idag er det Ole Helland som eig garden og bur der ilag med sine. Det tykkjest slik at dei har arven frå forgjengarane sine i minne og vyrdsar garden ansvarsfullt.

Ole-Elias tok so mykje stein i fjellet. Slikt snakk tok Ole-Elias ikkje inn over seg. «Det er berre ovund-sjuke,» sa han. «Eg skal berre fortelje dykk at det er rikeleg og meir enn nok stein til alle ovaom utmarksgarden.»

Det var mykje fisk i elva og i vatna den tida, og godt om vilt i dalen og fjellet. I Haram Bygdebok fortelst det at det var både bjørn, gaupe og ulv i utmarka, og det nemnest ogso at Ole-Elias såg 4 ulvar ovanfor stova si juledag 1884.

Både Ole-Elias og sonen Andreas var ihuga og flinke jakt-menn. Elias Hildremyr minnest godt det faren fortalde om jakt og fiske. Det varierte mellom gode og dårlege år. Ein gong hadde Andreas etter ein jaktdag på Hesten full rypesekk, og attåt 16 ryper surra utanpå sekken. Ein annan gong gjekk han Hesten, Tverfjellet og Véten rundt uten å sjå ei fjør.

Elias minnest ogso at faren fortalde at han ein dag fiska frå mylna og fram til Kvilet. Då hadde han so mykje aure at han ikkje såg seg utveg med å få fangsten heim i ei vende. Heldigvis var Myre-Marta, mor hans, på heimveg frå sætra nett då. Ho fann plass til so mange fiskehenker på børatreet sitt at Andreas fekk med seg resten.

Som nemnt tok Andreas over mylnedrifta etter ei tid. Han budde i husværet på mylna nokre år. Han var gift då, og både han og kona treivst godt på den litt spesielle bustaden. Og so var det lettvtint med kokefisk. Lægjet var slik at Andreas kunde stå i sove-romsvindauget med fiskestonga og fiske aure i elva.

Det kan vere på sin plass å gå nokre år attende i tida, til Nedste-Myra der Ole-Elias var fødd og trødde barneskorna sine, og om folket hans der.

Myra er ein gamal gard med ei interessant soge. Her og no skal me berre gå attende til 1813, då far til Ole-Elias, Ole Olsen føddest og vart sjølveigande bonde etter at han vaksen vart. Ole Olsen gifte seg med Helga Nilsdotter Fjørtoft, fødd 1812. Dei fekk to born: Berte Marta (1838), gift Synnaland og Ole-Elias (1844), som er hovedpersonen i forteljinga vår.

Helga døydd i 1855. Ole Olsen gifte seg oppatt med Pauline Johansdotter Rogne. I dette ekteskapet var det ogso to born: Hans (1857) og Jonas (1859). Hans vart sparka ihel av ein hest, berre ung. Når so

langt leid at borna vaksne var, fortelst det at Pauline (Pålina til dagleg) sette seg føre at sonen Jonas skulde få skøyte på heile Myra. Men Ole-Elias slo i bordet og kravde morsarven sin. Soleis vart Myra i 1872 delt mellom Ole-Elias og Jonas. Jonas og foreldra vart buande i nedste Myra. Jonas gifte seg og reiste til Amerika omlag år 1900. Ole Olsen tok frå eit jordstykke til seg og kona. Dette kallast framleis «Pålina-stykket». Per Arne Alvestad eig det no, og har bygt seg heim der.

Etter som det ingen var til å ta over Nedste-Myra vart garden ca 1890 selt til Kristoffersen på Ulla, som seinare selde til Petter Reiten d.e. Han fekk heimel på garden i 1916, og etterkomarane hans er det som no eig Nedste Myra.

Ole-Elias Myren og kona Marta hadde 5 born: Ola (døydde ung), Anna (1875), Hansine (1878), Andreas (1879) og Martinus (1882). Anna vart gift med Sevrin Alvestad i Filipgarden. Born: Ole, Astrid, Martha, Fritjof, Sivert, Sigurd, Helene, Olga, Aslaug og Arne. Hansine, gift med Iver Alvestad frå Raffelgarden. Born: Olav (1905), døydde ung. Ragnvald (1907), Martha (1910) og Olav (1916). Andreas, gift med Olivia Skjelten. Andreas tok etternamnet Hildremyr rundt hundreårsskiftet. Det same gjorde broren Martinus. Born: Karl, Ola, Jenny, Margit og Elias. Martinus (busette seg i Amerika), gift med Lina Hildre frå Ivergarden. Born: Obert, Peter, Clarice, Georg og Mildrid.

Martinus kom heim frå Amerika i 1912. Han vilde då ta over heile Øvste-Myra, men Ole-Elias hadde lova dotra Hansine og mannen Iver Alvestad halve garden. Då Martinus ikkje fekk viljen sin, drog han attende til Amerika. Ole-Elias ynskte at Andreas skulde overta den andre halva av garden, men Andreas hadde då etablert seg på mylna i Hildredalen og takka nei til tilbodet. So i 1927 vart Myra gnr. 25, br.nr. 1 overteke av Marta og mannen hennar, Arnt Helland frå Erikgarden på Helland. Marta er som kjent dotter-dotter til Ole-Elias og kona. Og so laga det seg slik at ei ny Myre-Marta vart husmor på garden.

Idag er det Ole Helland som eig garden og bur der ilag med sine. Det tykkjest slik at dei har arven frå forgjengarane sine i minne og vyrdslar garden ansvarsfullt.